

**MYKLEBUST-ÆTTA**

**UTVIK - NORDFJORD**

**EI ATTERTSYN**

**1550—1950**

**VED**

Per Verlo og Arne Sølvberg

R. SØREIDE, PRENTEVERK OG BOKBINDERI, SANDANE

*«Federne bygde, sønene trygde  
heimen som odel til øtterne gav.  
Gud kvelvde lufti blå yver tufti —»*

## FØREORD.

Under ei samkome mellom underskrivne vart det m. a. tale om den vidgreina ætta vår. Og vi vart samde om å gjera ein freistnad med å få istand eit samla oversyn. Ymse oppteikningar hadde vi alt gjort — kvar hjå oss, men no skulle arbeidet takast opp for alvor. Og då det viste seg at ein og annan av ætta som det vart snakka med om dette vart oppglødd for tiltaket, vart dette ein skuv fram over som både letta arbeidet og gjorde det interessant.

Vi nyttar med dette høvet å bera fram vår beste takk til alle som har hjelpt til med opplysninga. Vi vil også seia ifrå at vi — med løyve — har nytta Jacob Aaland sine oppteikningar så langt dette høvde. Dette gjeld då serleg første bolken.

I sogetimane på skulen lærde vi — i store drag — om folket vårt og landet vårt, og ein vart ikkje rekna for sers flink i soga, om ein ikkje kunne gjera greie for kongerekka. Vår eiga bygd og folket, som stod oss nærare og la grunnen under vår livsførsle, kom meir i skuggen, ja i mange høve slik i skuggen at ein ikkje visste namnet på oldefar og og oldemor. Men dei som med slit og strev «i bøn og gråt» rudde rom for oss — og for dei som etter kjem — dei vil vi og må vi heidra, «for dei gav oss ein arv til å gøyma. han er større enn mange vil tru». Difor skal også dette vesle skriftet vigslast deira minne.

Den 10/10 1950.

Per Verlo. Arne Sølvberg.

«*Tider skal komme,  
tider skal henrulle,  
slekt skal følge slekters gang* —»

## FØRSTE BOLKEN.

Med denne ættesoga vil vi freiste å syne korleis ætta frå

ARNE ANDERSSON MYKLEBUST OG ANNE  
PEDERSDTR. NEDREBERG

har greina seg ut. Men først vil vi ta nokre steg attende i soga til første stamfaren og stammora vi kjenner — Helje Bagge og kona Steinvor Pålstdtr. Hopland. Då vi ikkje kjenner soga lenger attende, vert desse i denne ættesoga nemnd:

### Ættled I.

HELJE BAGGE og STEINVOR HOPLAND.

Ætta frå desse to er mykje utgreina i Nordfjord og er nemnd Baggeætta. Helje Bagge var fut i Nordfjord og nemnd som buande på Hegdal i Innvik. Nokor visse for kvar han ætta frå har vi ikkje, men truleg var han son til lensherren på Bergenhus, Henrik Bagge, som vart drepen i 1507. Helje var gift med Steinvor Pålstdtr. Hopland. Eit ervebytebrev frå Hopland syner dette. Helje var død før 1542, for då var enkja Steinvor attgift med Oluf Sebjørnson som då var fut og prost i Nordfjord. Om Helje Bagge går det ymse segner. Ein viser til J. Aalands bok om Innvik og Stryn side 92. Helje og Steinvor hadde ei dotter som heitte Bergitte.

### II.

BERGITTA HELJEDTR. BAGGE vart gift med Arne Hegdal. Skattemanntalet viser at dei var brukarar på Hegdal 1563. Ho hadde brør på Hopland, og ei halvsyster var gift til Reme. Etter Arne og Bergitte er nemnd to søner, Helje og Arne.

## III.

HELJE ARNESON HEGDAL var brukar på Hegdal frå ikr. 1593 til 1619. Han bygde eit loft på garden som var mykje føreseggjort med måling og annan stas. I eit ervervbyte vart huset delt på to bruk, det som no vert nemnd br. nr. 1 (Heljebruket) og br.nr. 2 (Hansbruket). Det vart ombygd til to stabbur. På bjelkane var måla ymse skriftord. På ein av stabbursbjelkane, br.nr. 2 kan ein lese: «Dette hus bygde Helje Arneson med egen hand Anno 1593». (Sjå elles J. Aa. side 93—94.)

Han var gift med Barbrå Olsdtr. Var lensmann og ved god midel. Åtte part i Lotsberg, Hundvik, Åbrekke, Flåten, Steinsåker og Bremanger. Barbrå vart gift andre gongen med Anders Isakson Hilde. Helje og Barbrå skulle ha fleire søner. Ein som heitte Helje skulle vera vanfør, men flink treskjærar. Det skal vera han som har skore ut altartavla i Innvik-kyrkja som har årstalet 1617. Sonen Arne fekk farsgarden på Hegdal.

## IV.

ARNE HELJEŠON var gift med Dorte Rasmusdsdtr. Han var og lensmann og døydde ikr. 1663. Kona levde til 1680. Dei hadde desse borna: Helje, Oluf, Rasmus, Jens, Anders, Johannes, Absalon, Bergitte og Barbrå, men berre andre sonen, Oluf kjem denne soga ved, då det er hans ætlingar vi vil freiste å følgje vidare. Med desse ni borna vart ætta spreidd ut over Nordfjord. Ei stor og vyrd ætt med god medel.

## V.

OLUF ARNESON HEGDAL kom til Verlo og var brukar der ut over frå 1639. Var kyrkjeverje for Utvikkyrkja. Kona heitte Kristi. Av born er nemnd Ola som kom til Utigard på Lyslo, der ætta lever framleis. Ei dotter vart gift til Valåker. Sonen Helje vart på Verlo.

## VI.

HELJE OLUFSON VERLO var gift to gonger. Første kona var fra Myklebust og den andre var Anne Lyslo. Han var fødd ikr. 1628 og død før 1722. Han var velstandsman og kjøpte i 1691 ein part i Myklebust av presten Schreuder. Av born til Helje er nemnd Rasmus som vart gift til Frøholm, der ætlingar budde til 1870, då brukaren selde og flytte til Eikrem i Romsdal. Sonen Arne fekk Myklebust.

ARNE HELJESON VERLO-MYKLEBUST var gift med Agnete Andersdtr. Valåker. Dei hadde Myklebust og dessutan part i Valåker. På Muklebust fekk han skøyte i 1717. Han døydde 81 år gammal i 1760 og ho 96 år gammal i 1785. Saman med Nils Valåker kjøpte han i 1723 den gamle kyrkja for 23 dalar. Arne og Agnete hadde fleire born, og av desse er nemnde: Ola som vart gift med Kari Andersdtr. Hage (Velomsbr.), Anne med Ola Berge og Brite med Ola Hage. Anders fekk Myklebust.

## VIII.

ANDERS ARNESON MYKLEBUST 1710—1772 var gift med 1. Anne Mikkesdtr. Berge. 2. Brite Jensdtr. Moldrheim. Sonen Arne fekk Myklebust.

## IX.

ARNE ANDERSSON MYKLEBUST 1741—1821 var gift med Ragnhild Haraldsdtr. Verlo 1749—1816. Av born er nemnde Anders — som fekk garden, Agnete som vart gift med Kristoffer A. Byrkjelo og Kari som vart gift med Rasmus R. Lauki. Agnete døydde 37 år gl. 1823 og Kari 41 år gl. 1824.

## X.

ANDERS ARNESON MYKLEBUST 1777—1837. Var gift med Kari Villumsdtr. Hage 1778—1863. Dei fekk garden i 1810 for 450 dalar. Han var mykje søkt som jekte-

byggjar. Dei hadde desse borna: Arne som fekk Myklebust, Jens (I Myrane) 1791—1869 gift med Marte Hansdtr. Hegdal, Kari, g. m. skreddar Jakob Ingebrigtsen, Sagebakken. Dei for til Amerika. Ragnhild, gift med Per Kårstad. Dei selde Kårstad til Johan S. K. Langved og for til Amerika. Karnils, som vart gift med Anne-Marie Bech, dotter til oberstløytnant Bech som budde i Innvik. Han var ei tid hjelpe lærar i Innvik og budde på Bechplassen. Han reiste på sine gamle dagar til ei fosterdotter som var gift i Stavanger. Anders var gift med Ragnhild Olsdtr. Hage, enkje etter Gabriel Hamar. Døydde 56 år gl. i 1877. Vilhelm, gift med Malene Abramsdtr. Bergset, der ætta sit på garden. Døydde 38 år gl. i 1850. Kona døydde 37 år gl. i 1857.

## XI.

ARNE ANDERSSON MYKLEBUST 1808—24/2 1891, var gift med Anne Pedersdtr. Nedreberg 22/9 1809—13/10 1896. Det er ætlingane frå desse to det vert gjeve noko utgreiing om her. Men før vi går vidare, skal vi ta nokre steg attende til forfedrene til Anne.

Far til Anne Myklebust var Peder Nedreberg. Farfar hennar var Jon Maurset, som vart gift til Nedreberg med Agnete som truleg var gardgjente, og døydde 27 år gl. i 1771. Han gifte seg att med enkja Brite A. Skarstein som flutte til Nedreberg.

Mor til Anne Myklebust var Malene Hansdtr. Faleide som vart gift med Peder Nedreberg. Difor tek vi med noko om ætta på Faleide.

## I.

PEDER BODVARSON SÆTRE var brukar i Utigard i 1621. Ein son heitte Hans.

## II.

HANS PEDERSON FALEIDE 1618—1680, var gift med Maritte Olsdtr. Av borna er nemnd Peder, Gamle-Ola, Ung-Ola og Salmund.

## III.

PEDER HANSSON 1645—1691, gift med Dorte Steffensdtr. Navel saker. Born: Hans, Steffen, Anne, Marte, Gunnhild og Kari.

## IV.

HANS PEDERSON 1680—1734 var gift med Ingeborg Knutsdtr. Dokset 1688—1769. Dei hadde sonen Hans. Ingeborg gifte seg andre gongen med Arne Larsson. Ingeborg og Arne vart jordfesta same dagen 1869. Arne var brukar i 1734.

## V.

HANS HANSSON 1733—1781. Overtok garden i 1766 og vart gift med Anne Andersdtr. Kirkeide 1732—1829. Av borna er nemnd: Anders og Malene, som vart gift med Peder Johan Nedreberg. Hans Hansson var ein kjend bjørneskyttar og hadde eit like kjent våpen. Anne gifte seg andre gongen med Peder Sjurson Fæn.

Rekkjefylgja av brukarar på Faleide vidare fram til notida ser slik ut:

Anders Hanson 1776—1851 og Anne Olsdtr. Lyslo 1781—1860.

Hans Andersen 1811—1891 og Jartrud Paulsdtr. Svarstad 1815—1869. Dette er besteforeldra til fylkesagronom og tingmann Elias Faleide.

Anders Hansson (bankstyrar og ordførar) gift med Anna Maria Dahl Mugås.

Hans Andersson (lensmann) g. m. Ingeborg Marie Rasmusdtr. Øystad.

## VI.

PEDER JOHANSON NEDREBERG 1768—1855 var som nemnd gift med Malene Hansdtr. Faleide 1767—1855. Han var vonleg ein av dei første i Nordfjord som tok til å interessere seg for fruktdyrking. Planta dessutan alm. Som kjent var almelauv eit godt dyrefor.

Dei hadde desse borna: Ingeborg, Agnete, John, Anne, Hans, Ola, Anders og Peder. Som nemnd før vart Anne gift med Arne Myklebust, men vi tek med noko her om syskena hennar og borna deira.

Ingeborg vart gift med Ola Setre, og son deira, Per, vart gift med Olina Johnsdr. Ytre-Eide. Av borna til Per og Olina nemner vi: Ingeborg gift med Erik Ulvedal, Ola, g. m. Olina Brendefor, Brita g. m. Rasmus Steinsåker, Karolina g. m. Samuel K. Bergset (Svanheim), John (sekretær i blindforb.) ugift, døydde i 1948. Peder g. m. Ragnhild Bolstad, John g. m. Bergit Lødøen og Johanne g. m. Lars A. Berset. Agnete P. Nedreberg døydde ugift.

John Pederson Nedreberg 1791—1858 (bror til Anne som kom til Myklebust) fekk garden og var gift med 1. Olina Svarstad 1787—1825, 2. Kari Kirkeide 1800—1886. Son til John var Peder Nedreberg 1823—1901, gift med Helga E. Ulvedal 1832—1907. Deira son var John P. Nedreberg, gift med Ragnhild J. Ytre-Eide, og John sin son er Peder Nedreberg som ei tid var ordførar i Stryn.

Hans Pederson kom til Svarstad — Ola Pederson til Øvreberg — Anders Pederson til Øvreberg og Peder Pederson til Frøholm.

Som nemnd var farfar til Anne Myklebust John Maurset. Han kom til Nedreberg ved giftarmål med Agnete Pedersdr. Ho døydde 37 år gl. 1771. Andre gongen gifte han seg med enkja Brita Arnesdr. Skarstein. Ho var truleg frå Oppstryn, dotter til Arne og Janikka, f. Avlein, d. 57 år gl. 1765. Brita Arnesdr. var gift 3 gonger. — 1. Daniel Arneson Skarstein, d. 28 år gl. 1771, 2. Sjur Simonson Sunde d. 37 år gl. 3. John Maurset på Nedreberg.

Mor til Arne Myklebust var frå Hage — Kari Villumsdr. — Ho hadde fleire brør. Ola hadde bruket i Hage og d. 79 år gl. 1854. Lars d. 70 år gl. 1860, var gift med Kristense Steinsåker, Breim (vonleg gardgjente). Nils d. ikr. 1868, gift med Ingeborg Rasmusdr. Sandane. Dei brukta Karnils-

plassen på Sandane. Rasmus d. 75 år gl. 1855, gift med Kari Rasmusdr. Sårheim, enkje etter Arne Brynjulvson Re (Kristenbruket).

*«Her ligg dei grav i grav  
frå heid og ned til hav,  
som stridde so.  
Gud sign kvar ærleg svein  
som sør der under stein,  
Gud sign dei kvar og ein  
der dei er no.»*

## ANDRE BOLKEN.

### I

ARNE ANDERSON MYKLEBUST og ANNE PEDERS-DATTER NEDREBERG.

Arne var ein tettvaksen sterk rugg. Det er fortalt, at då dei skok opp brudlaupsølet til yngste dotra, løfte han ei full øltunne etter laggene og drakk av spunseholet. Anne og Arne hadde desse borna:


1. Anders, 2. Peder, 3. Kari, 4. Malene, 5. Arne, 6. Ragnhild, 7. Anne, 8. Vilhelmine, 9. Arne. Den site døydde som barn og Arne som var tvillingbror til Malene d. 36 år gl. 17. mai 1877, var snekkar.

Alle dei andre vart «godt gifte», d.v.s. kom til gode heimar. Gutane fekk seg dugande koner og gjentene vyrde og dugande menn. Ikkje det ein kallar rikdom, men jamn god velstand, gode heimar som gav godt grunnlag for dei mange born som skulle veksa opp der — eit grunnlag som gav dei kjensle av, at «stor arv det er for mannen av godtfolk vera fødd». Og denne kjensla var eit styrkebelte som «frå dag til annan var so god ei stød».

Og som løn for sitt trufaste strev for make og born, i kjærleik varm og mild, i bøn og arbeid — kanskje også stundom blanda med otte og gråt, fekk dei den glede og hugnad å sjå at borna, stort sett, tok seg godt fram. Attåt dette skal dei ha vårdjupe vyrnad og varmetakk.

Når ein ser på ættlingane deira i dag, så må ein ha rett å seie som ein kjend mann sa om ungdomen i Nordfjord: «Der er ikkje mastetre i Nordfjord, men der er mykje god timber-skog med adel i — og fager ungskog i sterk vokster.» Der er ingen ovhøge toppar i ætta som kastar skuggar over andre, ingen som har gjort ovverk, og likevel har det vore — og vert gjort «verk som varer», verk som kjem ettertida til gode. Og det ein kan sjå har ingen «skeia ut». Kanskje vi også kan takke god fedraarv for vår nasjonale stode, for energi og tiltaksvilje — for ætta si stode i dag.

## II.



*Anders og Anne Myklebust.*

Anders Arneson Myklebust (I.II) 1834—1916, var g. m. Anne Eriksdtr. Tistam 1829—1916. Anders var ein mykje opplyst mann og hadde mange tillitsyrkje, var lenge med i Innvik heradstype, var medhjelpar

å presten, var med og skipa Utviks Handelsforening og var styrelem der til forretninga og handalsstaden vart sold til styraren Elias A. Sølvberg i 1901. Var Skjønsmann ved utskiftingar m. m. Åtte halvparten av Davejekta. Dei overtok garden på Myklebust etter faren og hadde desse borna: 1. Anne, 2. Arne, 3. Eli, 4. Borni, 5. Maria, 6. Johanne, 7. Andreas. Eli og Borni tvillingar.

## III.

## BORNA TIL ANDERS OG ANNE MYKLEBUST.



*Anne Bjørkelo, f. Myklebust.*



*Arne A. Myklebust.*

- 1) Anne Andersdtr. Myklebust (II.I) 1860—1907, var g. m. fargar og skreddar Anders Bjørkelo 1855—1936. Dei hadde hus på Bruland og budde der og hadde desse borna: 1. Anders

Kristoffer, 2. Andreas Matias, 3. Maria, 4. Anna, 5. Kristina, 6. Ragna Kanutta, 7. Peder, 8. Alfred.

2) Arne Andersson Myklebust (II.2) 1863—1948, reiste til Amerika i ung alder og arbeidde som snekkar. Var ugift og levde på sine gamle dagar hos systerar, Johanne og Andreas Fløtre i Strasbourg, Kanada.



*Vilhelm og Eli Bergset.*

3) Eli Andersdtr. Myklebust (II.3) 1866—1945, g. m. Vilhelm Abrehamson Bergset (1866—1945). Dei fekk farsgarden på Bergset og bygde store tidhøveleg uthus. Vilhelm var mykje nytta i kommunale ombod. Born: 1. Anne Malene, 2. Abreham, 3. Anders, 4. Agnes Olivia, 5. Ivar Andreas, 6. Ragnvald, 7. Emma.

4) Borni Andersdtr. Myklebust (II.4) 1866—1940, g. m. Arne Larsson Bergset 1864—1929. Dei levde på Larsbruket på Bergset, og bygde stort nytt våningshus. Born: 1. Lars, 2. Anders, 3. Ingeborg, 4. Olav, 5. Alv, 6. Peder, 7. Anfinn.



*Maria og Jørgen Valåker.*




*Arne og Borni Bergset.*

5) Anna Maria Andersdtr. Myklebust (II.5) f. 6/6 1869, g. m. Jørgen Torson Valåker 18/12 1869—1. april 1950. Dei bureiste på Myklebust på eit stykke av farsgarden hennar, dyrka dette godt opp, planta frukttrær og bygde ein koseleg, ven heim. Jørgen var elles bygningsmann, var ei tid i Amerika.

Heime var han med i heradstyret, og vel opplyst og dugande som han var, fekk han mange andre tillitsyrkje. Dei har ingen born.

6) Johanne Andersdtr. Myklebust (II.6) 1872—1949, g. m. Andreas Fløtre. Dei for til Amerika og hadde først farm ved Crookston i Minn. I 1906 flytte dei til Kanada og tok heomstead der. Gav frå seg farmen i 1943 til sonen Georg, kjøpte så hus i Strasbourg og flytte dit for å kvile etter ein slitsam, men signingsrik arbeidsdag. Born: 1. Kari, 2. Alpha, 3. John, 4. Anna, 5. Georg, 6. Arthur, 7. Jenette.



*Andreas og Johanne Fløtre.  
Arne Myklebust.*



*Andreas og Anne Myklebust.*



*Anders og Borgny Bjørkelo.*

7) Andreas Andersson Myklebust (II.7) f. 16/10 1874, g. m. Anne Torsdtr. Valåker f. 2/1 1872 — d. 1946. Overtok farsgarden på Myklebust, bygde nye tidhøvelege uthus og nye vene stovehus. I deira tid var det utskifting. Garden vart godt oppdyrka. Andreas var med i skulestyret og i fleire år krinsformann i Utvik. Born: 1. Anna, 2. Kristina Elisa, 3. Andrine Mathilde, 4. Anders, 5. Torny, 6. Tor Andreas.

## IV.

BORNEBORNA TIL ANDERS ARNESON OG ANNE  
MYKLEBUST.

- 1) Anders Kristoffer Andersson Bjørkelo (III.1) f. 22/9 1885, g. m. Borny Tunål frå Selje. Han var ei tid handelstenar hos Anders A. Sølvberg, Selje, sette sidan igong eiga forretning med krambu og fiskehandel. Barn: Anne.
- 2) Andreas Matias Andersson Bjørkelo (III.I). Reiste til Amerika. Var med på amerikansk sida under første verdenskrig — i Frankrike 1916—1918.



*Andreas og Maria Verlo.*

- 3) Maria Andersdtr. Bjørkelo (III.I) gift med Andreas Ragnvald P. Verlo. Sjå Verlo-afta.
- 4) Anna Andersdtr. Bjørkelo (III.I) f. 28/7 1893, gift 17/6 1921 med Petter Haraldson Bruland f. 9/9 1987. Dei har farsgarden hans på Bruland. Han er forstandar i Innvik Sparebank.
- 5) Ragna Kanutta Andersdtr. Bjørkelo (II.I) f. 3/8 1897, er husstyrar hos broren Peder.
- 6) Peder Andersson Bjørkelo (III.I), fekk huset etter foreldra på Bruland og driv skreddarforretning der.
- 7) Olina Kristina Andersdtr. Bjørkelo (III.I). Driv skreddarforretning i Trondheim.
- 8) Alfred Andersson Bjørkelo (III.I). Reiste til Kanada. Kona, Ovidia er frå Oslo. Dei var heime ein bok og dreiv då forretning i Oslo, men reiste attende til Kanada.
- 9) Anne Malene Vilhelmsdtr. Bergset (III.3) 1889—1920, gift med Nils Matiasson Sølvberg f. 1888. Dei kjøpte halvparten av Perbruket på Sølvberg og busette seg der. Born: 1. Matias, 2. Vebjørn, 3. Sverre, 4. Einfrid, 5. Sigrid.



*Ragna Bjørkelo.*




*Peder Bjørkelo.*



*Nils og Anne Sølvberg.*




*Abraham Bergset.*



*Jofrid og Anders Bergset.*

10) Abreham Vilhelmsen Bergset (III.3) f. 13/1 1892. Gjekk lærarskulen i Volda. Var lærar ymse stader til han slo seg ned for godt i Grue Finskog, Solør. Sers interesse for arbeid mellom ungdomen, fin lyrikar, har skrive mange vakre dikt og mange gode bladstykke.

11) Anders Vilhelmsen Bergset (III.3) f. 3/5 1895, gift med Jofrid L. Nyhagen frå Stryn f. 12/5 1903. Dei bureiste på ein part av farsgarden, Jeilane. Anders er kjend for sin innsats for skisporten, var ei tid formann i Nordfjord Skikrins, var sjølv ein flink laupar og hoppar og har ei mengd premiar. Var lenge med i jordstyret. Born: Vidar.



*Knut og Agnes Blakset.*

12) Agnes Ovidia Vilhelmdtr. Bergset (III.3) 1897—1942 var gift med lærar og kyrkjesongar Knut Blakset, Nordfjordeid. Born: 1. Elbjørg, 2. Leiv, 3. Villum.

13) Ivar Andreas Vilhelmsen Bergset (III.3) f. 11/12 1899. Fikk farsgarden på Bergset, gift med Petra Olava Rasmusdtr. Blakset f. 25/10 1902. Dreiv ei tid stor pelsdyrgard. Born: 1. Elbjørg, 2. Vemund, 3. Reidar, 4. Magne Asbjørn.

14) Ragnvald Vilhelmsen Bergset (III.3) f. 1902. Gift



*Ivar og Petra Bergset.*



*Ragnvald og Ragna Bergset.*

med Ragna Standal frå Bru. Dei kjøpte gard i Vinger og budde der i 5 år, kom så heim att i 1937 og tok til som bureisar i utmarka på Bergset. Etter 10 år hadde dei ein fin gard med hus og heim — rett ein mørstergard. Driv hønseri og reveal som attåtnæring. Born: 1. Vigleik, 2. Eli.

15) Emma Vilhelmsdtr. Bergset (III.3) fødd 31/5 1905, gift med Oskar Steffenson Støve, Sølvberg f. 23/9 1908. Dei kjøpte ein jordpart, Rud, på Bergset og bygde heim der. Oskar er skomakar og driv reveal ved sida. Born: 1. Sigmund, 2. Vebjørn, 3. Anne, 4. Inge Olav, 5. Eli Agnes. Dei to siste er tvillingar.



*Lars og Johane Bergset.*

1. Borgny, 2. Odlaug, 3. Arne.

17) Anders Arneson Bergset (III.4) f. 24/7 1893, gift med Synneve Malene Steinsåker f. 2/11 1886. Dei kjøpte hus på Sandane og dreiv skreddarverkstad. Anders var ivrig sportsmann, skilaupar, skyttar og jeger. Born: 1. Borghild Andrea, 2. Gunda Haldis Pauline.

18) Ingeborg Arnesdtr. Bergset (III.4) 1895—1918. Ugift.

16) Lars Arneson Bergset (III.4) 1890—1918. Gift med Johanne Pedersdtr. Sætre, Stryn, f. 14/8 1889. Dei hadde farsgarden på Bergset. Born:



*Anders og Synneve Bergset.*



Jakobie og Olav A. Bergset.



Alf og Jorunn Bergset.



19) Olav Arneson Bergset (III.4) f. 14/4 1899, gift 4/7 1926 med Jakobie Martine Lovise Levdalsbakke f. 14/9 1902. Bureisingsfolk på Bergset, Berglid. Olav var ei tid handelsstenar i Selje. Born: 1. Borgny, 2. Arne, 3. Haldis, 4. Ingeborg, 5. John Andreas, 6. Liv, 7. Odny.

20) Alf Arneson Bergset (III.4) f. 13/4 1905, gift med Jorunn Andersdtr. Roset f. 23/5 1914. Dei bureiste først bruket Alvheim på Bergset. Dette leigde dei bort i 1944 og overtok farsbruket åt Jorunn på Roset. Alf utlærd skreddar. Born: 1. Audun, 2. Bjørg, 3. Anders Vilmund, 4. Leiv, 5. Margot Irene.

21) Peder Arneson Bergset (III.4) 1901—1918.

22) Anfinn Arneson Bergset (III.4) f. 18/6 1908, gift med Aslaug Rasmusdtr. Blakset. Dei pakta først gard i Høland, kjøpte så garden Daltorp i Hemnes. Selde denne i 1947 og han har sidan drive som skogsarbeidar.

23) Kari Andreasdtr. Fløtre (III.6), gift med Roy Forsmann (svensk) 4 born.


24) Alfa Andreasdtr. Fløtre (III.6), gift med Matias Gullikson (frå Statlandet). 7 born. Bur i Kanada.

25) John Andreasson Fløtre (III.6), gift med Rita Jonas, (Canadisk).

26) Anna Andreasdtr. Fløtre (III.6) gift med Edvard Hele (Canadier).

27) Arthur Andreasson Fløtre (III.6) gift med Clara Christianson.

- 28) Georg Andreasson Fløtre (III.6) gift med Anna Pederson. (Foreldra frå Sunnmøre). Overtok farmen etter far sin.
- 29) Jenette Andreasdtr. Fløtre (III.6). Endå heime hos foreldra i Strasbourg.
- 30) Anna Andreasdtr. Myklebust (III.7) 1896—1929. Ugift.
- 31) Kristina Elisa Andreasdtr. Myklebust (III.7) f. 19/12 1897. Husstyrarinne hos broren Anders.
- 32) Andrine Matilde Andreasdtr. Myklebust (III.7) f. 4/10 1899.
- 33) Anders Andreasson Myklebust (III.7) f. 14/9 1901. Overtok farsgarden, er styreslem i elektrisitetsverket og forstandar i sparebanken, flink skyttar med mange førstepremiar og medaljer frå samlagsstempornor.
- 34) Torny Andreasdtr. Myklebust (III.7) 1903—1950, gift med Gustav Pederson Sølvberg f. 15/11 1904. Dei fekk bruket etter Jørgen Valåker og Maria på Myklebust. Gustav arbeider elles på hesteskofabrikk i Utvik. Born: 1. Synneve Anna, 2. Marie Johanne.
- 35) Tor Andreas Andreasson Myklebust (III.7) 1907—1931. Ugift.



*Anders Andreasson  
Myklebust.*

## V.

BORNEBORN S BORN TIL ANDERS OG ANNE  
MYKLEBUST (II.I)

- 1) Anne Andersdtr. Bjørkelo (IV.1), Selje.
- 2) Aslaug Petterdtr. Bruland (IV.4) f. 4/3 1922, gift med Peder Andersson Hegdal. Born: Anders.
- 3) Eli Petterdtr. Bruland (IV.4) f. 30/3 1924.
- 4) Matias Nilsson Sølvberg (IV.9) f. 16/12 1913, gift med Anna Larsdtr. Hetle. Born: 1. Norvald, 2. Leif.
- 5) Vebjørn Nilsson Sølvberg (IV.9) f. 11/2 1915.

- 6) Sverre Nilsson Sølvberg (IV.9) f. 18/3 1916.  
 7) Einfrid Nilsdtr. Sølvberg (IV.9) f. 10/1 1918, gift med  
 Olav Benjamenson Jevnlid f. 20/3 1912. Born: 1. Bjarne, 2.  
 Alvhild, 3. Kari.  
 8) Sigrid Nilsdtr. Sølvberg (IV.9) f. 7/7 1919, gift med  
 restauratør Erling Karlson. Born: 1. Anny Maria, 2. Kåre,  
 3. Erna.  
 9) Vidar Andersson Bergset (IV.11) f. 2/5 1928.



*Matias N. og Anna L. Sølvberg.*



*Einfrid og Olav Jevnlid.*

- 10) Eldbjørg Knutdtr. Blakset (IV.12) f. 22/9 1926 —  
 Nordfjordeid.  
 11) Leiv Knutson Blakset (IV.12) 1928.  
 12) Villum Knutson Blakset (IV.12) f. 19/9 1931.  
 13) Vemund Ivarson Bergset (IV.13) f. 2/4 1930.



*Vebjørn N. Sølvberg.*



*Vidar A. Bergset.*

- 14) Eldbjørg Ivardtr. Bergset (IV.13) 13/5 1928.  
 15) Reidar Ivarson Bergset (IV.13) f. 13/2 1933.



*Sigrid og Erling Holm Karlsen.*

*Magnar og Borgny Almennings.*

- 16) Magne Asbjørn Ivarson Bergset (IV.13) 29/9 1944.  
 17) Vigleik Ragnvaldson Bergset (IV.14) f. 22/5 1931.  
 18) Eli Tordis Ragnvalddtr. Bergset (IV.14) f. 24/3 1933.



*Vigleik R. Bergset.*

*Eli Tordis R. Bergset.*

- 19) Sigmund Oskarson Støve (Sølvberg Rud) (IV.15) f. 31/3 1935.  
 20) Arne Oskarson Støve (IV.15) f. 28/3 1942.  
 21) Vebjørn Oskarson Støve (IV.15) f. 31/7 1939.  
 22) Ingve Olav Oskarson Støve (IV.15) f. 18/9 1946.  
 23) Eli Agnes Oskardtr. Støve (IV.15) f. 18/9 1946.

- 24) Borgny Larsdtr. Bergset (IV.16) f. 23/10 1914, gift med Magnar Almenning f. 10/6 1915. Born: 1. Olav, 2. Liv, 3. Hallvard, 4. Joar Trygve, 5. Sveinung, 6. Ingve.



*Styrkar og Odlaug Almenning.*



*Klara og Arne Bergset.*



*Borghild Bergset, Sandane*

- 28) Gunda Haldis Pauline Andersdtr. Bergset (IV.17) f. 21/7 1926.

- 29) Borgny Olavsdtr. Bergset (IV.19) f. 11/2 1927, gift med Leiv Jakobson Sunde, Olden, f. 9/1 1923. Dei fekk garden Solstad etter Gutorm Opheim, som var onkel til Jakobia Levdaabakke, Bergset.

- 30) Arne Olavson Berglid, Bergset (IV.19) f. 11/2 1929.

- 31) Haldis Olavsdtr. Berglid, Bergset (IV.19) f. 24/11 1930.

- 
- 32) Ingeborg Olavsdtr. Berglid, Blakset (IV.19) f. 24/8 1932.
- 33) John Andreas Olavson Berglid, Bergset (IV.19) f. 29/5 1935.
- 34) Liv Olavsdtr. Berglid, Bergset (IV.19) f. 3/3 1938.
- 35) Odny Kristine Olavsdtr. Berglid, Blakset (IV.19) f. 15/7 1945.
- 36) Audun Alvson Bergset, Roset (IV.20) f. 3/4 1938.
- 37) Bjørg Alvsdtr. Bergset, Roset (IV.20) f. 12/3 1940.
- 38) Anders Vilmund Alvson Bergset, Roset (IV.20) f. 1/1 1943.
- 39) Leiv Alvson Bergset, Roset (IV.20).
- 40) Margot Irene Alvsdtr. Bergset, Roset (IV.20) f. 14/9 1948.
- 41—53) er borneborna til Johanne og Andreas Flætre som ein ikkje har fått namna på.
- 54) Synneve Anna Gustavsdtr. Sølvberg (IV.34) f. 22/2 1940.
- 55) Marie Johanne Gustavsdtr. Sølvberg (IV.34) f. 21/6 1941.

## VI.

### BORNEBORN S BORNEBORN ÅT ANDERS ARNESON OG ANNE MYKLEBUST.

- 1) Anders Pederson Hegdal (V.2) f. 20/3 1948.
- 2) Norvald Matiasson Sølvberg (V.4) f. 1/6 1942.
- 3) Leiv Matiasson Sølvberg (V.4) f. 12/10 1945.
- 4) Bjarne Olavson Jevnlid (V.7) f. 15/12 1941.
- 5) Alvhild Olavsdtr. Jevnlid (V.7).
- 6) Kari Olavsdtr. Jevnlid (V.7) f. 5/4 1945.
- 7) Anny Marie Erlingsdtr. Karlson (V.8) f. 18/3 1948.
- 8) Kåre Erlingson Karlson (V.8).
- 9) Erna Erlingsdtr. Karlson (V.8).

- 10) Olav Magnarson Almenning (V.24) f. 27/2 1938.
- 11) Liv Magnardtr. Almenning (V.24) f. 17/7 1940.
- 12) Halvor Magnarson Almenning (V.24) f. 11/1 1942.
- 12) Joar Trygve Magnarson Almenning (V.24) f. 21/6 1943.
- 14) Sveinung Magnarson Almenning (V.24) f. 30/11 1944.
- 15) Ingve Magnarson Almenning (V.24) f. 5/6 1946.
- 16) Odvar Styrkerson Almenning (V.25) f. 17/3 1947.
- 17) Leidulv Styrkerson Almenning (V.25) f. 17/3 1947.
- 18) Lars Arneson Bergset (V.26) f. 6/4 1946.
- 19) Johanne Arnesdtr. Bergset (V.26) f. 1948.

## II.

MYKLEBUST-ÆTTA ETTER PEDER ARNESON OG  
NELLE NILSDTR. PÅ NILSBRUKET.

Peder heitte andre son til Arne og Anne Myklebust f. 28/11 1836 — d. 2/2 1893. Han vart gift med grannegjenta Nelle Nilsdtr. 16/8 1844—11/6 1917. Ho hadde odelsrett til Nilsbruket. I deira styringstid vart det bygd — etter den tid — tidhøveleg uthus med mura fjøser og løde over. Peder var ein stø og påliteleg mann. Dei streva trutt og stod seg godt. Han kom tidleg med i heradstyret og i bankstyret. Han gjorde mange byferder, som førar (styremann) av Dave-jekta og var båtførar ved fleire vinterfiske. För han døydde skøytte han garden til eldste sonen, Nils. Nils vart gift med gardgjente på Bruland og flutte dit. Garden på Myklebust let han broren Arne styre til sonen, Peder Nilsson, vart vaksen. Då vart garden delt i to like store partar. Arne og Peder fekk då kvar sin part. Peder fekk den halva der husa stod og Arne bygde nye hus på sin part. Peder og Nelle hadde desse borna: 1. Nils, 2. Arne, 3. Eli, 4. Magdeli, 5. Anne, 6. Anders, 7. Helene Margreta, 8. Peter, 9. Nekolai, 10. Tomas.



*Nelle og Peder Myklebust.*

## III.

BORNA TIL PEDER ARNESON OG NELLE MYKLEBUST.

1) Nils Pederson Myklebust vart gift med Rakel Bruland og flytte til Bruland. Sjå ætta etter Kari Arnesdtr. Myklebust-Bruland.

2) Arne Pederson Myklebust, f. 20/12 1872, gift med Elisabet Isaksdtr. Sølvberg. Som nemnd fekk dei halva av Nilsbruket, sette opp nye hus og stelte garden godt. Sers interesse for husdyr. I nittiåra selde dei tre førstepremiemne etter

fjordmerra Pernina dei hadde på garden. Arne var med å skipa Utvik skyttarlag og Midtre Nordfjord hestealslag.

Born: 1. Peder, 2. Nelly, 3. Isak, 4. Einar, 5. Elfrid, 6. Peder, 7. Nils, 8. Edit, 9. Arvid.



*Nils Myklebust* på Bruland.

ter til Jakob og Mari Hammer, Utvik, og fekk gard på Hammar etter dei. Anders er kjend for sitt skjøn på krøter og krøterstell. Som mangeårig domar ved hesteutstillingar er han kjend av alle hesteinteresserte på Vestlandet. Då han 70 år gamal slutta som prisdomar, fekk han medalje i gull



*Anne og Ola Verlo.*



*Elisabet og Arne Myklebust.*

3) Eli Pederdtr. Myklebust 1868—1893. Ugift.

4) Magdeli Pederdtr. Myklebust 1870—1890. Ugift.

5) Anne Pederdtr. Myklebust 1875—1932, var gift med Ola Rasmusson Verlo 1864—1905. Dei kjøpte plassen med stort hus på, av Frise-Nils på Verloøyra. Ola var snekkar og bygningsmann. Born: 1. Peder, 2. Ragnvald, 3. Elisa, 4. Robert.

6) Anders Pederson Myklebust f. 14/5 1878, gift med Josefine Johnsdtr. Skrede Hcpland. Ho var fosterdot-

frå Landbruksseksjonen for vel gjort arbeid og takkegåve frå Midtre Nordfjord Hestealslag. Barn: Synneve.

7) Helene Margrete Pedersdtr. Myklebust f. 16/12 1880, gift med Anders Eliasson Sølvberg, Utvik f. 2/12 1878. Anders tok først mellomskuleeksamen og gjekk så i gang med handel, først i 9 år på Skei i Jølster til 1908, kjøpte så handelsstad i Førde sentrum og driv stor forretning der. På Hafstad har dei bygt ein vakker heim. I 15 år var han disponent i Firda Billag, har vore med i heradstyret og skulestyret og hatt fleire kommunale tillitsyrke. Born: *Anders P. Myklebust.*  
1. Gyda, 2. Nelly, 3. Peder, 4. Edit, 5. Gyda, 6 Åsta, 7. Olga.



*Helene og Anders Sølvberg.*



*Peter og Maria Myklebust.*



8) Peter Pederson Myklebust 1883—1945, gift med Maria Isaksdtr. Sølvberg f. 8/9 1889. Dei fekk eit stykke av farsgarden hans, bygde ven heim og planta jorda ut med frukttrær. Han dreiv ei tid som målar, tok seinare til med trelastforretning og bygde sagbruk og høvleri i Brulandsfjøra. Dette vaks fram til ei stor verksemeld som forelda og omsette storparten av sagebrukskogen i Indre Nordfjord. Peter og Maria var sers interesserte i krøterstell. Ei tid hadde dei 3 førsteprøykryr på fjøset. Born: 1. Nella, 2. Peder, 3. Edit, 4. Åsta, 5. Ingrid, 6. Magnhild, 7. Ingolv, 8. Norun, 9. Agnete, 10. Audun, 11. Edvin Magne.

- 9) Nekolai Pederson Myklebust — døydde som spebarn.  
 10) Tomas Pederson Myklebust 1887—1908. Ugift .

## IV.

BORNEBORNA TIL PEDER ARNESON OG NELLE  
 MYKLEBUST (II.2).

Nils Perderson sine born sjå Brulandsætta.

- 1) Peder Arneson Myklebust (III.2) 1899—1909.  
 2) Nelly Magdalene Arnesdtr. Myklebust (III.2) f. 27/1 1901, gift 8/7 1925 med Marius Kristenson Verlo f. 10/1 1899. Dei fekk ein mindre part av Kristenbruket — i Verlodalen og bygde ny ven heim. Marius driv mekanisk arbeid og har bygd verkstad, m. a. for bilreperasjon. Er med i skulestyret og krinsform. i Utvik. Born: 1. Karsten Einar, 2. Arne, 3. Elfrid, 4. Erna.



*Isak og Marta Myklebust.*



*Signe og Einar Myklebust.*

- 3) Isak Arneson Myklebust (III.2) f. 9/10 1902, gift 28/6 1930 med Marta Jensdtr. Tvinnereim f. 29/11 1901. Isak gjekk Mindresunde jordbrukskule og var seinare 6 år fjøsmeistar ved same skulen. Overtok farsgarden i 1935. Er formann i Midtre Nordfjord Hestealslag, var formann i Utvik ungdomslag og formann i eit lag ved Mindresunde. Har vore med i Innvik heradstyre og jordstyre og skynsmann ved utskiftingar, var Innviks representant i nemnda som arbeidde med reising av jordbrukskule på Langvin, formann i skrift-

emnda for «Festskriftet til Elias Faleide på syttiårdagen», formann i Innvik Hagebrukslag, har sett ut mykje skogplantar og mange frukttre. Born: 1. Else Marie, 2. Marit, 3. Aud, 4. Jorun.

4) Einar Arneson Myklebust (III.2) f. 4/9 1905, gift med Signe Nilsdtr. Boksrud f. 21/2 1911. Einar er agronom, arbeidde nokre år hos statsråd Johan Melby på Nes og kjøpte så garden Snekkarsveen i Vang ved Hamar. Born: 1. Nils, 2. Eldbjørg, 3. Arne, 4. Egil, 5. Sigmund.

5) Elfrid Arnedtr. Myklebust (III.2) f. 8/10 1907, gift 23/6 1932 med Anders Matias Rasmusson Hopland f. 10/1 1905. Fekk farsgarden hans på Hopland. Born: 1. Rasmus, 2. Arne, 3. Magnus.



Peder A. og Borghild Myklebust.



Edit og Elias Sølvberg.



6) Peder Arneson Myklebust (III.2) f. 18/11 1909, gift med Borghild Samuelsdtr. Heggeheim f. 27/7 1920. Agronom, paktar gard på Nybø i Gloppen, ungdomslagsformann både i Utvik og Gloppen. Born: 1. Arne, 2. Else Berit.

7) Nils Arneson Myklebust (III.2) f. 12/8 1911, gift med Berta Olsdtr. Syversetretre. Av storgarden Syversetre fekk dei ca. 200 mål som bestefar til Berta hadde testamentert første barnebarnet sitt. Der hygde dei seg ein uneleg heim. Born: 1. Elisabet.



Nils A. Myklebust.

8) Edit Arnesdtr. Myklebust (III.2) f. 25/10 1914, gift 12/10 1946 med Elias Pederson Sølvberg, Utvik f. 23/1 1902. Dei overtok handelsstaden etter far hans.

9) Arvid Arneson Myklebust (III.2) f. 28/4 1917, gift 21/8 1948 med Elbjørg Andersdtr. Bruland, Ålfot f. 1/3 1919. Bilførar i Firda Billag. Barn: Arne.

10) Peder Olson Verlo (III.5) 1894—1921, gift med Petrine Kristine Olsdtr. Felde f. 2/2 1893. Peder reiste Utvik Kloggfabrikk ilag med broren og dreiv denne så lenge han levde.



*Arvid A. og Elbjørg Myklebust.*

*Peder O. og Petrine Kristine Verlo.*



*Olav, Kristianna og Ragnvald Verlo, delinga — som er reist på Salt-*

11) Ragnvald Olson Verlo (III.5) f. 1/1 1897, gift 27/4 1922 med Kristianna Ivarsdr. Eikenes, Stryn, f. 26/6 1898. Ragnvald overtok Kloggfabrikken etter broren og huset og jordstykket på Verloøyra etter foreldra og har planta jorda ut med frukttre. Gjekk Handelsskule, har vore formann i Utvik ungdomslag og Utvik skyttarlag, revisor i Innvik Sparebank og forretningsførar i forsyningssnemnda. Han gjekk i brodden for skiping av A/S Mcelven Brug — Vestlandsav-

kjelen i Brulandsstranda og er disponent og leiar av denne — etter våre høve — store verksemda. Barn: Olav.

12) Elisa Olsdtr. Verlo (III.5) f. 28/1 1899, gift 28/10 1920 med skreddar Matias Rasmusson Torheim. Bygde ein sers vakker heim med verksted på Siribakken i Hage. Er halden for å vera ein av flinkaste skreddarane i Nordfjord.

13) Robert Olson Verlo (III.5). Døde som barn.

14) Synneve Andersdtr. Myklebust-Hammar (III.6) f. 6/9 1919.

15) Gyda Andersdtr. Sølvberg (III.7) 1902—1909. Drukna i Førdeelva.

16) Nelly Andersdtr. Sølvberg (III.7) f. 25/11 1904. Arbeidde i mange år på kontoret i Firda Billag, er no gådd inn i faren si forretning i Førde. Ivrig skyttar. Med i styret i Sunnfjord Ungdomslag og elles vore med i mange og ymse slag arbeidsnemnder.

17) Peder Andersson Sølvberg (III.7) f. 31/10 1906, gift med Anna Gundersdtr. Hafstad. Gjekk først jordbrukskule, frå 1929 dreve handelsforretning i Askvoll. Born: 1. Helene, 2. Aslaug, 3. Gyda, 4. Ruth, 5. Anders, 6. Gunnar, 7. Solveig, 8. Randi.

18) Edit Andersdtr. Sølvberg (III.7) f. 29/9 1908, gift med Nils Johannesson Helgheim, Jølster, f. 1903. Har farsgarden på Helgheim. Nils er formann i Sogn og Fjordane Bondelag. Born: 1. Randi, 2. Johannes, 3. Helga, 4. Atle, 5. Odny, 6. Erling.

19) Gyda Andersdtr. Sølvberg (III.7) f. 23/2 1912, gift med kaptein Johannes Etterlid, Førde. Han var med i kam-



*Elisa og Matias Torheim.*

pane på Kvamskogen 1940, rymde til England i 1941, og i sluttfasen av krigen var han befat på Svalbard. Born: 1. Aud, 2. Johannes Arne.

20) Åsta Andersdtr. Sølvberg (III.7) f. 20/6 1914, gift med snekkar Ragnar Hagenes, Gaular. Har verkstad i Førde. Born: Gro.



*Knut og Olga Hjelle.*

21) Olga Andersdtr. Sølvberg (III.7) f. 4/9 1919, gift med kjøpm. Knut Andersson Hjelle, Nordfjordeid. Born: 1. Aud, 2. Asbjørn, 3. Helene.

22) Nella Petersdtr. Myklebust (III.8) f. 26/4 1912. Har vore styrarinne på ymse gamleheimar, formann i ungdomslag.



*Nella P. Myklebust.*



*Peder P. Myklebust.*

23) Peder Peterson Myklebust (III.8) f. 26/11 1913. Har handelskuleutdanning, overtok trelastbruket etter faren i 1947.

24) Edit Petersdtr. Myklebust (III.8) f. 23/10 1915, gift med Jostein Johnson Roset. Dei kjøpte eit jordstykke på Hatlem, Blakset, der Edit var oppføstra og bygde seg heim der. Driv m. a. pelsdyral. Edit har eksamen frå Statens indu-

striskule, Stabekk. Born: 1. Solbjørg, 2. Jan Steinar, 3. Peter Magne.

25) Åsta Peterdtr. Myklebust (III.8) f. 10/11 1917, gift med Dagfin Gildestad, Olden, der dei har gard. Barn: Bjørn f. 1/6 1948.

26) Ingrid Petersdtr. Myklebust (III.8) f. 13/1 1920, gift med Alfred Kvila, Breim, der dei har gard. Ingrid er student og har hagebruksopplæring. Born: 1. Gerd, 2. Magne.

27) Magnhild Petersdtr. Myklebust (III.8) f. 23/4 1922.



*Magnhild P. Myklebust.*



*Ingolv P. Myklebust.*



*Norun P. Myklebust.*



*Audun P. Myklebust.*

- 28) Ingolv Peterson Myklebust (III.8) f. 20/1 1924. Har skogskule og handelskule og søker vidare utdanning.
- 29) Edvin Magne Peterson Myklebust (III.8) f. 1923. Døde same året.
- 30) Norun Petersdtr. Myklebust (III.8) f. 22/12 1925. Har handelskule og er kontordame på Geilo.
- 31) Agneta Petersdtr. Myklebust (III.8) f. 1927. Døde same året.
- 32) Audun Peterson Myklebust (III.8) f. 4/5 1929. Har gått Statens Handverkskule på Blaker.

## V.

BORNEBORN S BORN TIL PEDER ARNESON OG  
NELLE MYLKEBUST (II.2).


- 1) Karsten Einar Mariusson Verlo (IV.2) f. 17/12 1927.
- 2) Arne Mariusson Verlo (IV.2) f. 31/10 1930, gjekk skule i Trondheim og døde på sjukehuset der den 20. mars 1950.
- 3) Eldfrid Mariusdtr. Verlo (IV.2) f. 5/4 1935.
- 4) Erna Mariusdtr. Verlo (IV.2) f. 21/8 1939.
- 5) Else Marie Isakdtr. Myklebust (IV.3) f. 25/8 1931.
- 6) Marit Isakdtr. Myklebust (IV.3) f. 5/7 1933.
- 7) Aud Isakdtr. Myklebust (IV.3) f. 23/12 1935.
- 8) Jorunn Isakdtr. Myklebust (IV.3) f. 18/4 1941.
- 9) Nils Einarson Myklebust Vang (IV.4) f. 8/10 1937.
- 10) Elbjørg Einardtr. Myklebust, Vang (IV.4) f. 19/3 1939.
- 11) Arne Einarson Myklebust, Vang (IV.4) f. 14/8 1940.
- 12) Egil Einarson Myklebust, Vang (IV.4) f. 22/1 1942.
- 13) Sigmund Einarson Myklebust, Vang (IV.4) f. 14/4 1943.
- 14) Rasmus Andersson Hopland (IV.5) f. 21/6 1936.
- 15) Arne Andersson Hopland (IV.5) f. 23/3 1936.
- 16) Magnus Andersson Hopland (IV.5) f. 28/8 1938.
- 17) Arne Pederson Myklebust (IV.6) f. 13/5 1945.
- 18) Else Berit Pederdtr. Myklebust (IV.6) f. 22/7 1947.
- 19) Elisabet Nilsdtr. Myklebust, Syversetra (IV.7) f. 27/4 1941.

- 20) Arne Arvidson Myklebust (IV.9).
- 21) Olav Ragnvaldson Verlo (IV.11) f. 20/3 1923.
- 22) Gyda Pederdtr. Sølvberg, Askvoll (IV.17) f. 15/8 1934.
- 23) Ruth Pederdtr. Sølvberg, Askvoll (IV.17) f. 30/5 1936.
- 24) Helene Pederdtr. Sølvberg, Askvoll (IV.17) f. 5/10 1929.
- 25) Aslaug Pederdtr. Sølvberg, Askvoll (IV.17) f. 29/5 1931.
- 26) Anders Pederson Sølvberg, Askvoll (IV.17) f. 28/12 1938.
- 27) Gunnar Pederson Sølvberg, Askv. (IV.17) f. 31/10 1942.
- 28) Solveig Pederdtr. Sølvberg, Askv. (IV.17) f. 9/11 1944.
- 29) Randi Pederdtr. Sølvberg, Askv. (IV.17) f. 4/9 1947.
- 30) Helga Nilsdtr. Helgheim (IV.18) f. 12/12 1935.
- 31) Randi Nilsdtr. Helgheim (IV.18) f. 4/5 1932.
- 32) Johannes Nilsson Helgheim (IV.18) f. 20/11 1933.
